

EN TIL TO UKER.
Hos Irene Johansen
står rosene friske og
fine både i en og to uker.

ROSER til besvær

Nyskårne roser kan gi langvarige gleder. Bare noter deg Irene Johansens råd. Blomsterhandleren kvier seg heller ikke for å hive tulipanene i kjøleskapet.

– Hemmeligheten bak et langt roseliv, er en skarp kniv, en ren vase, varmt vann og holdbarhetsmiddel. Verre er det ikke ifølge blomsterhandler Irene Johansen, og i stuen hennes finnes massevis av levende bevis på at rådene virker.

– Rosevaser må være gullendene. Skyll dem i klorvann, råder Irene Johansen. Er vasen desinfisert, unngår man at et bakterielag setter seg på snittflaten og hindrer vanntilførselen til rosehodet.

– Snitt rosetilkene i et langt snitt. Bruk en skarp kniv, gjerne en tapetkniv og skjær rosetilkene over på skrå. Det er viktig at kniven er skarp slik at stilkens rørsystem ikke blir ødelagt ved skjæringen. Unngå å bruke saks. Den klapper bare igjen rørsystemet, forklarer hun for Lørdags-BT.

Varmt vann

Roser skal settes i håndvarmt vann. Den del av stilken som skal stå i vann må være uten blader. Også roser lever lenger om de får stå kjølig om natten. Vannet bør dessuten skiftes ofte, hver dag dersom det ikke er blandet med holdbarhetsmiddel. Tilsettes slikt, holder det å skifte vann hver tredje dag. Se til at snittflaten er frisk og ren. Hvis ikke, snitt stilkene på nytt.

Hvem har ikke opplevd at dyre flotte roser har «nikket» mistroelig med «hodet» allerede etter to-tre dager. Blomsterhandleren vet råd:

– Ta frem kniven, snitt og sett den i godt varmt vann. Etter tre-fire timer vil den reise seg igjen. Hjelper ikke det, kan behandlingen gjentas, råder blomsterhandleren som understreker at man ikke må gi opp, selv om man skulle mislykkes med redningsaksjonen de første to-tre gangene.

Evige minner


Hun understreker at roserådene er anvendbare for alle blomster med

harde stilker som syrener, krysanterum og linjer. Men disse blomstene tåler ikke å bli satt i for varmt vann.

Et lite spesialtips med på kjøpet; vil du gjemme rosebuketten fra hjertevennen, så kan den tørkes og bli et evig minne. Bare sørg for å henge buketter på et tørt og dunkelt sted.

I kjøleskapet

– Hva skal vi gjøre for å gi tulipanene et litt lengre liv?



SNITT. Før rosen settes i vann må stilkene snittes i et langt, skrått snitt.

– Kjøp gjerne tulipanene i dag, legg dem i kjøleskapet, og de er like fine til neste helg.

Det finnes altså mange knep for travle blomsterelskere som vil rasjonalisere innkjøpene. Tulipaner, påske- og pinselinjer er alle robuste blomster som tåler oppbevaring for de skal brukes.

Irene Johansen som eier og driver blomsterforretningen «Kaktus» har i en årrekke holdt kurs om hvordan man stiller avskårne og tørkede blomster. Hun skulle derfor vite hva hun snakker om.

– Selv har jeg oppbevart tulipaner i kjøleskapet i halvannen uke uten at de har tatt skade av det, forteller blomsterhandleren.

Må lagres tørt

Det er likevel enkelte forutsetning-

er som må være oppfylt dersom man skal lykkes med å «langtidslagre» løkblomstene.

– Viktigst er at blomstene ikke allerede har stått i vann i blomsterforretningen før de blir lagt til oppbevaring.

– Tulipaner og narcisser skal lagres tørre, fastslår Irene Johansen. I blomsterforretningen lagrer hun alltid løkblomstene tørt og kjølig. Temperaturen må være under 10 plussgrader. Det ideelle er fire, fem grader, sier Irene Johansen som legger til at emballasjen skal beholdes på under lagringen. Emballasjen bidrar til å redusere fordampningen under lagring.

Det gjør ingenting om løkblomster er helt myke når de tas frem til bruk. De behøver ikke være ødelagt av den grunn. Før de settes i vann, må stilkene snittes slik at rørsystemet i stilkene, bladene og blomsten kan suge til seg vann. Stilkene kuttes tvert over 2-3 cm.

Inntil blomstene blir godt vanntrukne, kan de stå med emballasjen på. Etter at blomsten er kommet i vase, kan holdbarheten forlenges ved at de settes på et kjølig sted om natten. Ved riktig stell bør tulipaner kunne holde seg fine en ukes tid. Påske- og pinselinjer har litt kortere levetid.

Holdbarhetsmiddel som følger med rosebukettene bør ikke brukes i vannet som skal holde liv i tulipaner og narcisser.

Kjerringråd

Følgende kjerringråd kan forlenge livet til påske- og vårbukettene. En spiseskje potetmel i blomstervannet skal være et utmerket holdbarhetsmiddel for løkblomster.

– Jeg vet også at mange stikker et knappenålsstikk gjennom stilken like under blomsterhodet for å hindre for lange stilker.

TEKST: RAGNHILD HOV
FOTO: FRED IVAR KLEMETSEN

Bil på deling

Hører du til dei som steller betre med bilen enn med kona? Får du hysterisk anfall dersom einkvan har vore så uheldig å påføra familiens glis ei aldri så lita ripe i lakken? Då er bildeling neppe noko for deg.

Susanne Urban og aksjonsgruppa 219 kvinner på Nordnes satsar på den delen av byfolket som har eit meir avslappa forhold til bilen. Dei inviterer til bildeling, til ei ordning som inneber at fleire familiar går saman om å halda bil. Målet er å få bukt med det dei kallar den unødvendige privatbilismen i Bergen sentrum.

Bilen er ikkje til å spøkja med. Tar du bilen frå ein mann, tar du i mange tilfelle livslukka frå han; i det minste fjernar du eit viktig statussymbol, og eit kjærkome haldepunkt i livet. Bilen er borga til mange menn. Kvinnene plar ofte, den dag i dag, sitja på eller kjøra konebil. Det er ikkje ho som har ansvaret for å pole- ra panseret.

Susanne Urban er svært så klar over at bilen framleis er ein manning. Damene på Nordnes veit at dei er heilt avhengige av å få gemalane med på laget om dei skal klara å endra på bilbruka. Det er nemleg det dei vil.

– Målet vårt er å skapa eit betre nærmiljø med mindre trafikk. Mange av oss som bur i sentrum veit at det er fullt mogeleg å klara seg utan eigen bil. Problemet vårt er å overleva med alle andre sine bilar, seier Susanne Urban.

95 bilar i Berlin

Tysdag 4. april inviterer Nordnes-kvinnene alle interesserte til informasjonsmøte om bildeling på bydelshuset. Å kjøpa bil på deling med andre er ei ordning som fungerer i Berlin der 1300 medlemmer i Stadt Auto Berlin eig 95 bilar i lag. I Vivalla ved Ørebro i Sverige har 32 medlemmer delt på fem bilar i ti år. I Göteborg er det bilkooperativ. Sveits har to store bildelegg med til saman 2500 medlemmer og i tillegg ei rekke mindre grupper. Klubbar for bildeling er dessutan under etablering i Nederland, England og i USA, fortel Carsten Pedersen i Stadt Auto Berlin til bladet Folkevett.

I Oslo er andelslaget Bilkollektivet nyleg etablert. 20 deltakarar har skrivne kontrakt om bildeling. Dei første fire personbilane skal leasast. Klubben kjøper ein brukt varebil.

Lønsam ordning

– Dette er eit forsøk. Vi veit ikkje om bildeleklubben vil dekkja dei ulike bilbehova til medlemene. Det vi veit er at bildeling er lønsamt. Ein familie som brukar 35.000 kroner i året på eigen bil, kan få utgiftene halvert ved å dela bil med flei-

re, seier Per Klevstrand, mannen som har drege i gang bildeleklubben i Oslo i lag med Fremtiden i våre hender.

Klevstrand kjem til Bergen for å hjelpa Nordnes-kvinnene til å kveikja sentrumsbuarane her for bildelingstanken.

Å kjøpa seg inn i andelslaget i Oslo kostar kroner 5000. Å bruka bilen ein dag kostar kroner 75 og prisen pr. kjørt kilometer er 50 øre. Bilane skal tingast gjennom koordinator Klevstrand. I Berlin er det drosjesentralen som til ei kvar tid veit kva bilar som er ledige og kvar dei står parkert. Den som har bestilt bil, dreg til parkeringsplassen, låser seg inn i eit skåp, tek med seg bilnøkklane og set seg bak rattet.

I Bergen kan løysinga bli ein avtale med ein bensinstasjon som leverer ut nøklar og tek dei nødvendige vedlikehaldet av bilen. Det er eit poeng at bilen fungerer og at han er der han skal vera når brukaren treng han.

Avtale med kjende

Det finst fleire måtar å organisera bildeling på. Ein måte kan vera å ha fast avtale med kjende om leige av

bilen deira. Den ordninga praktiserer tre sentrumsfamiljar i Bergen, med til saman 11 familiemedlemmer, som deler på bruken av ein fem år gammal Renault 19.

I tillegg til at fleire familiar går saman om å kjøpa mange bilar, kan det vera ei løysing å få eit fleksibelt leigebilkontor til å etablara seg i bustadstrøket.

Susanne Urban trur det kan vera interesse for alle desse tre variantane. Ho er svært spent på responsen.

Fritidsbruk

Dei som brukar bil på jobben til dagleg er vanlegvis uaktuelle som bildelarar. Bildeleklubben er for dei som treng bil på fritida, på kveldstid og i helgene. For å skaffa seg ekstra inntekter, plar bildeleklubbane gjerne leiga ut bilane til institusjonar og firma på dagtid.

– Eg kjenner mange som har gamle og skrøpelege bilar. Når desse skal vurderast vidare bilbehov kan bildeling vera eit alternativ til å kjøpa ny bil, seier Susanne Urban.

Nærmiljøet på Nordnes ser med gru fram til den dagen alle dei nye naboeane i det planlagde BOB-anlegget på Verftet skal køyra med kvar sin bil fram til bustadområdet. Ein bildeleklubb i det nye bustadbyggelaget må vera midt i blinken, meiner Urban.

219 Nordnes-kvinner har fått kroner 20.000 i tilskot frå Aksjon Nærmiljø og Trafikk til arbeidet med bildeleklubben.

TEKST: EVA ROYRANE
FOTO: HELGE SUNDE



PÅ DELING: Denne bilen blir brukt av tre familiar i Bergen sentrum med til saman 11 familiemedlemmer. Aksjonsgruppa 219 kvinner på Nordnes arbeider for å få fleire sentrumsbuarar til å ha bil på fellesen. Frå venstre: Mie Simonnas, Greta Gramstad, Anja Ekeland Davies, Helga Norland, Susanne Urban, Maria Sol Rabbe, Mario Urban (på sykkel), Sondof Rabbe, Simon Andersen og Fanny Kleppeste.